

FORSKRIFT OM ORDENSREGLAR FOR SKULANE I MASFJORDEN

A Innleiing

1. Forskrift om ordensreglar for skulane i Masfjorden er fastsett av rådmannen med heimel i Opplæringslova § 9A-10.
2. Ordensreglane skal vera med på å utvikla sosiale eigenskapar og bygga positive relasjonar mellom elevane og mellom elevane og dei tilsette. Reglane skal gje elevane trygge rammer i læringsmiljøet.
3. Ordensreglane gjeld i skuletida, i SFO, leksehjelp, kulturskule og idrettsskule. Dei gjeld også på skuleturar og på andre tilstellingar i skulen sin regi utanom skuletida.
4. Alle som er tilknytte skulen, anten det er tilsette, elevar eller foreldre, har ansvar for å skapa eit godt skulemiljø, og ordensreglane gjeld både vaksne og born i møte med skulen. Det er viktigare enn alt anna at me bryr oss om kvarandre, oppfører oss fint mot kvarandre, omtalar kvarandre med respekt og arbeidar for eit trygt og godt skulemiljø.
5. Ordensreglane skal gjerast kjende for elevar og foreldre kvart år når skuleåret tek til.
6. Elevane vert vurderte i orden og åtferd i høve til i kva grad dei held seg til ordensreglane, jfr. Forskrift til Opplæringslova §3-4.
7. Som elev har du rett til å:
 - ha eit godt arbeidsmiljø
 - bli høyrd i saker som gjeld ditt eige tilhøve til skulen

B Ordensreglar

1. Me møter presis til timar og avtalar, og me har med utstyr som er nødvendig for opplæringa.
2. Me er vennlege mot kvarandre.
3. Me gjer skulearbeid til avtalt tid.
4. Skulen får melding frå føresette ved fråver.
5. Me tek godt vare på alt som høyrer skulen til.
6. Skulen tek ikkje avsvaret for elevane sine personlege ting og verdisaker.
7. Me held oss på skulen sitt område i skuletida dersom ikkje anna løyve er gitt.

8. Lærer bestemmer når ein kan nytte elektronisk utstyr og mobiltelefonar. Elektronisk utstyr skal på avtalt plass i friminutt.
9. På skulen er det ikkje lov til å fotografera og/eller filma utan særskilt løyve frå lærar.
10. Bruk av tobakk, snus, alkohol eller andre rusmiddel er forbode.
11. Det er forbode å ha med seg eller bruka våpen og farlege gjenstandar .
12. Det er forbode å kasta snøball eller driva med annan farleg leik.
13. Me brukar ikkje sykkel, rullebrett, sparkesykkel, rulleskøyter o.l. på skulen sitt område i skuletida utan etter løyve frå lærar.

C Tiltak ved regelbrot

Alle tilsette ved skulen har plikt til å handheve ordensreglane.

Ved regelbrot kan eit eller fleire av følgjande tiltak setjast i verk

1. Samtale med kontaktlærer, rådgjevar, inspektør eller rektor.
2. Munnleg eller skriftleg åtvaring frå kontaktlærer.
3. Munnleg eller skriftleg åtvaring frå rektor/inspektør.
4. I einskilde tilfelle, t.d. slåssing, kan elev(ar) bli fjerna frå situasjonen, om nødvendig med fysisk inngrep.
5. Inndraging av gjenstandar/utstyr. Heimen blir varsla. Inndregen mobil vert utlevert ved skuleslutt. Ulovlege gjenstandar og rusmiddel vert leverte til politiet.
6. Bortvising frå undervisning
7. I alvorlege tilfelle kan rektor visa bort ein elev frå skulen. På barnesteget i einskildtimar/resten av dagen. På ungdomssteget i inntil tre dagar, jf. Opplæringslova § 9A-11.
8. Straffbare tilhøve blir melde til politiet.
9. Eleven/dei føresette kan verta gjort økonomisk ansvarlege for skadeverk, jfr. Lov om skadeserstatning §§1-1 og 1-2.
10. Ved gjentekne brot på ordensreglementet kan ordens- eller åtferdskarakter bli sett ned på ungd.-steget jf. forskrift i til Opplæringslova § 3-4 og 3-6.

D Sakshandsamingsreglar ved regelbrot

Brot på ordensreglementet skal følgje retningslinjene i opplæringslova § 9A-10.

Rektor avgjer om ei sak skal meldast til politiet.

Bortvising frå undervisning er enkeltvedtak og skal handsamast etter reglane i Forvaltningslova kap. IV og V og Opplæringslova §9A-11.